

Mjåtveitstø 06.06.2023

HKH Bygg og Eiendom AS
Mjåtveitstø 33 A
5918 Frekhaug

Alver Kommune
Plan og Byggesak

Klage på avvist søknad om etablering av ny bueining i bustad -gbnr 322/109

Viser til brev i saknr. 523/23 «avvist søknad om etablering av ny bueining» mottatt 23.05.2023 og vil med dette påklage vedtaket. Me ynskjer ei avklaring på nokre punkt før med kjem med ein utfyllende klage.

- Viser til forespørsel om førehandskonferanse i sak 22/5468 sendt 06.07.22 og mail mottatt 10.08.22 og stiller spørsmål om me har mottatt den veiledninga som ein kan forventa.
- Er saksopplysningane som er gjeve i mail 10.08.22 og som er referert til i brev om «Trong for tilleggsopplysningar» datert 06.02.2023 korrekt?
- Det er mottatt brev om trong for tilleggsopplysningar fra avd .vei ,vatn og avløp. Dei er svara ut og det er godkjent utvida bruk av avkjørsel og tilkobling til offentleg avløp.
- Burde det i denne saka vore gjort eit enkeltvedtak som kan påklagast?

Me ynskjer ei rask tilbakemelding i saka slik me får avklara veien vidare.

Med vennleg helsing
HKH bygg og eiendom as
v/Helge Henanger